



Innst. S. nr. 218

(2002-2003)

Innstilling til Stortinget frå samferdselskomiteen

St.prp. nr. 46 (2002-2003)

Innstilling frå samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 168/2002 av 6. desember 2002 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2002/39/EF om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet

Til Stortinget

SAMANDRAG

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 168/2002 av 6. desember 2002 vart det vedteke at vedlegg XI til EØS-avtala skal endrast slik at det omfattar europaparlaments- og råsdirektiv 2002/39/EF av 10. juni 2002 om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet.

Postdirektivet (97/67/EF) har som føremål å skape felles rammevilkår for postoperatørar i den indre marknaden, og sikre ålmenta eit landsdekkjande tilbod av grunnleggjande posttenester (universelle tenester) av god kvalitet og til ein rimelig pris. Postdirektivet gjev medlemsstatane høve til å reservere visse tenester til den eller dei postoperatørane som utfører den universelle tenesta, i den grad dette er naudsynt for å sikre eit universelt tenestetilbod. Dei tenestene som kan reserverast, er innsamling, sortering, transport og utlevering av innanlands og grensekryssande brevpostsendinger med vekt inntil 350 gram og med pris inntil fem gonger grunntaksten for eit prioritert brev innanfor den første vektklassen.

I direktiv 2002/39/EF er det fastsett ein plan for ei ytterlegare gradvis liberalisering av marknaden for posttenester, utan at det er sett ein dato for når postmarknaden skal vere fullt ut opna for konkurranse.

Frå 1. januar 2003 blir det tillatne einerettsområdet i EU avgrensa til brevpostsendinger med vekt inntil 100 gram og med pris inntil tre gonger grunntaksten for eit prioritert brev innanfor første vektklasse.

Frå 1. januar 2006 blir einerettsområdet redusert endå meir, til sendingar med vekt inntil 50 gram og med pris inntil to og ei halv gonger grunntaksten.

Frå 1. januar 2003 skal som utgangspunkt all utgåande grensekryssande post vere liberalisert, men medlemsstatane kan gjere unntak dersom det er naudsynt for å sikre den universelle tenesta.

Vidare skal Kommisjonen gjere ein studie når det gjeld effekten av liberaliseringa for den universelle tenesta. Dersom studien viser at full liberalisering er mogleg i 2009 utan at det går ut over den universelle tenesta, skal Kommisjonen innan 31. desember 2006 gjere framlegg overfor Parlamentet og Rådet om at full liberalisering skal finne stad i 2009.

Direktivet inneholder også andre føresegner. Mellom anna er det fastsett utdypande reglar om prisfastsetjinga for operatørar med leveringspliktige tenester og høve til kryssubsidiering. Vidare er det presisert at medlemsstatane kan fastsetje klageordninga utanfor området for dei leveringspliktige tenestene og innanfor området av dei leveringspliktige tenestene der tenestene blir tilbydde av operatørar utan samfunnspålagde leveringsplikter.

Avgjøra i EØS-komiteen vart teken med etterhald for godkjenning frå Stortinget, ettersom gjennomføringa i norsk rett gjer det naudsynt med lovendringar, jf. § 26 andre ledet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala.

Fristen for å melde frå til EØS-komiteen om at Stortinget har gjeve samtykke er 6. juni 2003. Gjennomføringsfristen for direktivet er den same.

Samferdselsdepartementet har fremja ein eigen odelstingsproposisjon med framlegg til naudsynte lovendringar (jf. Ot.prp. nr. 41 (2002-2003)). Elles blir norsk rett rekna for å vere i samsvar med direktivet.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Ein reduksjon av eineretten vil kunne medverke til at Posten får lågare inntekter.

For å møte moglege reduserte inntekter som følge av ein reduksjon av einerettsområdet - i tillegg til den inntektsreduksjonen som selskapet opplever no som følge av at kundane i aukande grad nyttar elektroniske kommunikasjonsløysingar - gjennomfører Posten ei monaleg effektivisering av verksemda og ei omfattande sat sing på betre service og nye potensielt lønsame tenester. For 2002 og 2003 har det vore lagt til grunn at det ikkje vil ligge føre overskot frå einerettsområdet. Etter gjeldande modell for statleg kjøp av posttenester er det Posten som ber risikoen ved eit eventuelt underskot på einerettsområdet. Det er usikkert om ein reduksjon av eineretten vil verke inn på statleg kjøp.

Det er vanlegvis venta at større konkurranse vil føre til at brukarane får eit betre og meir variert tenestetilbod til ein lågare pris. Samferdselsdepartementet reknar med at det same vil gjere seg gjeldande ved ei gradvis liberalisering av postmarknaden. Ettersom kravet om lik porto over heile landet gjeld tenester som er omfatta av eineretten til Posten, vil ein reduksjon av eineretten innebere at ein mindre del av brevposten vil vere omfatta av dette kravet.

Ein reduksjon av eineretten til Posten vil neppe få nemnande administrative konsekvensar.

Fråsegn frå utanrikskomiteen

Utanrikskomiteen har i brev av 21. mai 2003 meddelt at dei har ingen merknader til utkast til innstilling frå samferdselskomiteen.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulf Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans Gjeisar Kjæstad og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Morten Ørsal Johansen og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til at Stortinget i proposisjonen blir bede om å samtykke til godkjenninng av avgjerda i EØS-komiteen, om å innlemme Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/39/EU, om ytterlegare opning for konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet. Dette er eit endringsdirektiv til det eksisterande postdirektivet. Postdirektivet har som føremål å skape felles rammevilkår for postoperatørar i den indre marknaden, og sikre ålmenta eit landsdekkjande tilbod av grunnleggjande posttenester (universelle tenester) av god kvalitet og til ein rimeleg pris.

Komiteen viser til at gjennomføring av direktiv 2002/39/EU føreset at det blir gjort endringar i postlova, og at desse endringsforsлага blir fremja i Ot.prp.

nr. 41 (2002-2003). Direktiv 2002/39/EU fastset ein plan for ei ytterlegare gradvis liberalisering av marknaden for posttenester.

Komiteen understrekar at hovudformålet med postlova er å sikre eit landsdekkande formidlingstilbod av postsendingar til rimelege prisar og god kvalitet. Direktivet endrar ikkje at dei krava til det tilbodet av posttenester til rimeleg pris og god kvalitet som medlemsstatane har ei plikt til å sikre, er tilgjengeleg i alle delar av landet (det universelle tenestetilbodet).

Komiteen viser til at Posten i dag har einerett til jamnleg å formidle mot vederlag lukka adressert brevpost med vekt inntil 350 gram og med pris inntil fem gonger grunntaksten. Frå 1. januar 2003 blir det tillatne einerettsområdet i EU avgrensa til brevpostsendingar med vekt inntil 100 gram og med pris inntil tre gonger grunntaksten.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, støttar at frå 1. januar 2006 blir einerettsområdet sendingar med vekt inntil 50 gram og med pris inntil to og ei halv gonger grunntaksten. Marknaden for grensekryssande utgående post skal som utgangspunkt opnast fullt ut for konkurransen frå 2003. Fleirtalet støttar følgjeleg at einerettsområdet til Posten blir endra i tråd med framlegget i proposisjonen.

Fleirtalet viser til at endringsdirektivet trekker snevrare rammer for høvet til å reservere marknaden for utgående grensekryssande post enn gjeldande postdirektiv og dei fleste land i Europa, rettsleg og/eller faktisk har opna marknaden for grensekryssande utgåande post for konkurransen. Fleirtalet meiner difor at det er best i samsvar med direktivet at denne marknaden liberaliserast fullt ut frå 2003.

Fleirtalet viser til at ein reduksjon av eineretten vil kunne medverke til at Posten får lågare inntekter. I kva grad dette vil skje, er uvisst, og følger m.a. av eventuelle effektivitetsgevinstar som auka konkurransen kan gje, og korleis Posten forsvarar marknadsposisjonen sin mot eventuelle konkurrentar. Fleirtalet viser til at det er usikkert om ein reduksjon av eineretten vil verke inn på statlege innkjøp.

Fleirtalet viser til at endringsdirektivet ikkje gjer det naudsint med endringar i forhold til det universelle tenestetilbodet eller til kravet om lik porto over heile landet. Fleirtalet viser til den varsle stortingsmeldinga om verksemda til Posten Norge AS, der Stortinget vil få høve til å drøfte desse meir generelle postpolitiske spørsmåla.

Medlemene i komiteen, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at ein reduksjon av eineretten vil kunne medverke til at Posten får lågare inntekter. Det kan føre til at Posten får mindre overskot å bruke til ulønnsame posttenester. Anten kan dei ulønnsame delane av verksemda bli redusert, og somme postkunder får dårlegare tenester, eller det inneber at statleg kjøp må aukast.

Desse medlemene viser til at kravet om lik porto over heile landet gjeld tenester som er omfatta av eineretten til posten, og ein reduksjon av eineretten inneber at ein mindre del av brevposten vil vere omfatta av dette kravet. Desse medlemene har som føresetnad at lik porto over heile landet blir oppretthalde for einerettområdet som ein viktig del av tenestenivået til Posten.

Desse medlemene viser til at postdirektivet fastset eit minstekrav til fem dagars omdeling av post, medan vi i Noreg har postombering til så å seie alle husstandar og verksemder alle verkedagar, det vil seie seks dagar i veka. Desse medlemene meiner at postomdeling alle verkedagar er ein viktig del av kvaliteten på posttilbodet.

Desse medlemene meiner at distribusjon av post framleis må vere ei infrastrukturteneste der samfunnet har eit ansvar for å gje likeverdige tenester til alle innbyggjarar. Det må oppretthaldest eit mest mogleg likt posttilbod til lik pris over heile landet. Alle basistenester (formidling av brevpost, avisar og blad i abonnement og lettgodsnar inntil 20 kg) og grunnleggjande banktenester skal vere tilgjengeleg i alle kommunar i landet.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet syner til artikkel 23 i direktivet som seier:

"Uten hensyn til artikkel 7 skal kommisjonen hvert annet år, og første gang ikke senere enn 31. desember 2004, framlegge for Europaparlamentet og Rådet en rapport om anvendelsen av dette direktivet, særleg om økonomiske, sosiale, teknologiske og sysselsettingsmessige forhold samt om tjenestens kvalitet. Rapporten skal eventuelt være vedlagt forslag til Europaparlamentet og Rådet."

Ut frå dette ville det, etter desse medlemene si vurdering, vere meir naturleg å vente med vedtak om ytterlegare liberalisering frå 1. januar 2006, til etter den første evalueringa. Desse medlemene syner òg til tidlegare merknader om kor viktig det er å oppretthalde likeverdige tilbod over heile landet, og vil difor utsetje avgjerdar om ytterlegare liberalisering til 2005. Dette er ei sakshandsaming som ikkje vil seinke den vidare prosessen.

Desse medlemene vil som konsekvens av dette, foreslå eit tillegg i forslag til vedtak slik:

"... med unnatak av avgjerdar om å redusere einerettområdet til Posten AS til 50 gram frå 1. januar 2006".

Desse medlemene fremjer difor følgjande forslag:

"Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i avgjerdar i EØS-komiteen nr. 168/2002 av 6. desember 2002 om innlemming i EØS-avtala av europaparlamens- og rådsdirektiv 2002/39/EF om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurransen på marknaden for posttenester i Fellesskapet, med unnatak av avgjerdar om å redusere einerettområdet til Posten AS til 50 gram frå 1. januar 2006".

ments- og rådsdirektiv 2002/39/EF om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurransen på marknaden for posttenester i Fellesskapet, med unnatak av avgjerdar om å redusere einerettområdet til Posten AS til 50 gram frå 1. januar 2006".

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til høringsuttala frå Kommunal- og regionaldepartementet som er referert i Ot.prp. nr. 41 (2002-2003). Kommunal- og regionaldepartementet viser til at liberalisering sannsynlegvis vil kome sentrale strøk til gode, medan det i mindre sentrale strøk berre vil vere rom for ein aktør, og i somme strøk må staten truleg kjøpe posttenester. Kommunal- og regionaldepartementet uttalar vidare at forslaget vil redusere verdet av einskapsportoen som prinsipp fordi einerettområdet blir redusert. Det kan derfor bli nødvendig å setje i verk tiltak som medverkar til å gje eit likeverdig tilbod av posttenester til konkurransedyktige prisar i alle delar av landet der som ein liberalisering fører til økte skilnader med omsyn til prisar og tilbod. Dei seier at det på denne bakgrunnen er viktig å utrede konsekvensane av liberalisering for distrikta.

Desse medlemene viser til debatten om distriktpolitikk i Stortinget i mai 1995 der det vart vedteke:

"Stortinget ber Regjeringa fastlege rutiner som sikrer at konsekvensene for distriktpolitikken blir utredet som en del av beslutningsgrunnlaget, når Stortinget skal avgjøre om politikken på viktige samfunnsområder skal legges om.

Desse medlemene kan ikkje sjå at det er gjort ein slik utredning av konsekvensene for distriktpolitikken i denne saka, og bed om at det blir gjort før det gjennomførast ytterlegare liberalisering av postmarknaden.

Desse medlemene går på dette grunnlaget imot å innlemme direktiv 2002/39/EF og å gjere dei foreslegne endringane i postlova. Endringane vil svekke prinsippet om mest mogleg like tenester til lik pris over heile landet og vil ikkje gagne norske forbrukarar.

Desse medlemene vil difor stemme imot forslaget i proposisjonen.

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Arbeidarpartiet:

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i avgjerdar i EØS-komiteen nr. 168/2002 av 6. desember 2002 om innlemming i EØS-avtala av europaparlamens- og rådsdirektiv 2002/39/EF om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurransen på marknaden for posttenester i Fellesskapet, med unnatak av avgjerdar om å redusere einerettområdet til Posten AS til 50 gram frå 1. januar 2006.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen si tilråding til vedtak vert fremja av Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i avgjelda i EØS-komiteen nr. 168/2002 av 6. desember 2002 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/39/EF om endring av direktiv 97/67/EF med omsyn til ytterlegare opning for konkurransen på marknaden for posttjenester i Fellesskapet.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 22. mai 2003

Petter Løvik
leiar

Jorunn Ringstad
ordførar